

Sverre Sangolt  
Skogsvågvegen 34  
5382 Skogsvåg

Sangolt 2.juni 2015

Fylkeskonservator Per Morten Ekerhovd  
Riksantikvaren v/ Kristine Johansen

### **Reguleringsplan Skaganeset og Kvalvågen.**

Som tidlegare hevda er min påstand at Kvalvågen som kulturminne vil verta marginialisert over tid dersom det vert bygd ny veg gjennom Kvalvågen og Skaganeset.

Dersom ikke lokale verneinteresser får støtte frå overordna mynde vil Kvalvågen, som eit viktig nasjonalt kulturminne, ende opp utan verdi.

Ei slik utvikling har skjedd i Kvalvika , der Sund kommune gav løyve til eit laksekrekkeri rundt 1978.

Historiske dokument syner dette. Les **vedlegg 1**, aktuelle namn her er professor Børn Myhre, professor Svein Inderlid, lensmann Holmgren, ordførar Albright Sangolt og Hans Kr. Bukholm. Dokumentet syner avmakt då utbygginga av Kvalvika ikkje stoppa opp.

Utbygginga har fortsatt i seinare tid utan at der er teikn på at overordna mynde er med å legge föringar på kva som skjer i Kvalvika. Sjå biletet frå 2. juni 2015, **vedlegg 2**.

Kvalvika,som var hovudarena for oppdelinga av kvalen. Andreas Barsnes skriv om dette i Norsk Aarbok 1935. Sjå **vedlegg 3**.

Kvalvika var også i media i 1998 utan at overordna mynde tok grep. Sjå **vedlegg 4**.

I samband med ny sentrumsplan for Skogsvåg kom inn dette innspelet som syner at private har interesse for Kvalvågen. **Sjå vedlegg 5**.

Når Fylkeskommunen i sitt brev av 11 mai 2015 skriv at « Sund kommune ynskjer å tilretteleggja Kvalvågen for for formidling» er dette ei formulering som me ikkje har tillit til, noko som vedlagt dokumentasjon syner.

Hovudansvaret for å ta vare på heile Kvalvågen ligg hjå offentlege myndigheter.

Brevet som Sund kommune sente til Fylkeskommunen 24 april, der dei bad om at motsegna vart trekt, vart ikkje offentleggjort og ligg framleis ikkje registrert under saka. Eg og andre får ikkje utført våre demokratiske rettar når kommunen har slike føringar på sakshandsaminga.

Der er kanskje også andre forhold rundt denne saka som kan ha interesse for Dykk.

Helsing



Sverre Sangolt

Vedlegg 1. Skanna dokumenter, Skjending av Kvalvika.

Vedlegg 2. Bilete frå 2. juni 2015. 4 stk.

Vedlegg 3. A. Barsnes. Den gamle Kvalvollen.

Vedlegg 4. Vestnytt 18. juli 1998.

Vedlegg 5. Kvalvågen , turisme.